

# Utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Regional planstrategi



FNs BEREKRAFTSMÅL

Vedtatt i  
Fylkestinget  
29.09.2020

Vestland fylkeskommune  
PB 7900  
5020 BERGEN

Grafisk utforming: [kristinkom.no](http://kristinkom.no)

# FORORD

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 – regional planstrategi, vart vedteken av Fylkestinget i Vestland 29. september 2020. Planen set strategisk retning for utviklinga i fylket dei neste fire åra. Planen byggjer på berekraftmåla til FN, og vi har i dette eit verktøy for å gjere Vestland til det mest framoverlente fylket i landet.

Berekraftmåla set berekraftig utvikling i system, og vert soleis eit verktøy vi kan bruke for å setje enkeltsaker inn i ein større samanheng. For å nå dei store, globale klimamåla, må vi gjere ein innsats på alle nivå. For at vi skal lukkast med oppfølginga av planen, må innsatsen vere tufta på samspel og samarbeid. Vi skal inkludere, inspirere og mobilisere heile vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande utvikling.

Utviklingsplanen er eit resultat at ein lang og grundig prosess som starta i dei to gamle fylka våre. Undervegs har det vore mange og gode møte med sentrale aktørar i alle regionar i vestlandssamfunnet. Høyringsrunden og tilbakemeldingane synte særskild god oppslutning om planen, frå stat, kommunar og regionråd, næringsliv, organisasjonar og frivillig sektor. Dette lovar godt, og det syner at utviklingsplanen kan fungere som ein samlande plan for heile fylket.

Gode planar kjem ikkje av seg sjølve. Difor vil eg takke alle som har bidrege med konstruktive innspel i planarbeidet. Gjennom felles innsats i oppfølginga av planen, skal vi oppnå gode resultat – saman.

Jon Askeland  
fylkesordførar





# INNHALD

<b>1 Innleiing</b>	<b>6</b>
1.1 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging	7
1.2 Kunnskapsgrunnlag - Statistikk og utviklingstrekk	7
1.3 Utfordringar for fylket og regionane	8
1.4 Folkehelseoversikt 2019-2023	10
<b>2 Eit berekraftig og nyskapande Vestland</b>	<b>11</b>
2.1 Langsiktig visjon og samfunnsoppdrag	12
2.2 Berekraftig og nyskapande samfunnsutvikling	12
2.3 Hovudmål for perioden 2020-2024	15
2.4 Utvikling av berekraftsindikatorar i Vestland	15
2.5 Samarbeid for å nå måla	16
<b>3 Hovudmål og strategiar</b>	<b>17</b>
Mål 1 Vestland som det leiande verdi-skapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg	18
Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling	22
Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv	26
Mål 4 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping	30
<b>4 Planbehov i perioden 2020-2024</b>	<b>34</b>
4.1 Behov for regionale planar	35
4.2 Behov for temaplanar	39
<b>5 Plansystem i Vestland</b>	<b>40</b>
5.1 Plantypar i Vestland	41
5.2 Planroller, planoppgåver og ansvar i politiske organ	42
5.3 Framdrift, organisering og medverknad regionale planprosessar	43
<b>6 Vedlegg</b>	<b>44</b>

# 1 INNLEIING

Vestland fylkeskommune skal vere ein pådrivar for berekraftig utvikling i ein styrka region. For å nå berekraftmåla til FN må vi jobbe på tvers av fag og sektorar, og mellom forvaltningsnivå. Regional planlegging er ein reiskap for å lukkast med dette. Regional utviklingsplan for Vestland 2020-2024 definerer langsiktige mål for samfunnsutviklinga, prioriterer strategiar for å oppnå måla og kva regionale planar vi skal utarbeide, revidere eller vidareføre dei neste fire åra.

Utviklingsplan for Vestland er heimla i plan og bygningslova § 7-1, og er regional planstrategi for Vestland. Fylkeskommunen, statlege organ og kommunar skal legge utviklingsplanen til grunn for vidare planarbeid og verksemd i regionen.

## Prosess og medverknad

Arbeidet med kunnskapsgrunnlaget for utviklingsplanen vart starta opp i 2018. I dette arbeidet var det brei ekstern medverknad med statlege organ, kommunar, næringsliv, lag og organisasjonar i heile fylket. Med-

verknaden i denne fasen var avgjerande for å bidra med relevant kunnskap om utfordringar og moglegheiter for samfunnsutviklinga i fylket vårt.

Det er òg jobba godt internt i fylkeskommunen med å definere den strategiske retninga for utviklinga. Det har vore viktig å samle kunnskap om dei verkemidla fylkeskommunen har for å handtere utfordringane i fylket, knytt til eigen kjerneverksemd. I tillegg har det vore avgjerande at dei strategiske vala, knytt til mål, strategiar og planbehov, er forankra politisk og administrativt i eigen organisasjon. Statlege etatar har medverka gjennom planforum.

I høyringsfasen vert det igjen lagt vekt på brei ekstern medverknad. Gjennom høyringa sikrar vi at utviklingsplanen treff utfordringsbiletet og sikrar forankring av mål og strategiar slik at vi kan lukkast med samarbeidet om ei berekraftig utvikling av Vestland.

Tabell 1: Framdriftsplan for arbeidet med utviklingsplanen

Planfasar	1. Førebuing		2. Utarbeiding			3. Høyring			4. Vedtak		
	nov	des	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep
1 Kunnskapsgrunnlag											
2 Medverknadsperiode											
3 Høyringsfase											
4 Vedtaksfase											
Fylkestinget vedtak											29-30.

## 1.1 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

I følgje plan- og bygningslova § 7-1 skal regjeringa kvart fjerde år utarbeide nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dokumentet samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg særleg vekt på i planlegginga i åra som kjem. Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle


Regjeringa ønskjer at dei 17 berekraftmåla til FN skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største

utfordringane i vår tid, også i Noreg, og har bedt fylkeskommunar og kommunar om å sikre at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

Forventningane er delt inn i fire hovudoverskrifter.

1. Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling
2. Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
3. Berekraftig areal- og transportutvikling
4. Byar og tettstader der det er godt å bu og leve

Regjeringa ber lokale og regionale myndigheiter forstå og tolke dei nasjonale forventningane i ein lokal samanheng når ein utarbeider og gjennomfører planar.



*Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023, «Vestland - Statistikk og utviklingstrekk», «Vestland - Folkehelseoversikt 2019-2023», «Vestland - Utfordringar for fylket og regionane»*

## 1.2 Kunnskapsgrunnlag - Statistikk og utviklingstrekk

Arbeidet med kunnskapsgrunnlaget til utviklingsplanen vart sett i gong i førre fylkestingsperiode. Rapporten Vestland- Statistikk og utviklingstrekk er ei samling av tal og fakta som gir oversikt over sentrale utviklingstrekk i regionen. Dette var også del av kunn-

skapsgrunnlaget for fokehelseoversikten 2019- 2023 og eit utfordringsnotat for Vestland.

Rapporten «Vestland – Utfordringar for fylket og regionane» peiker ut ti hovudutfordringar for Vestland.

## 1.3 Utfordringar for fylket og regionane

### 1. Klimaomstilling

Skal vi redusere klimagassutsleppa må vi omstille samfunnet. Næringslivet har ei viktig rolle. I Vestland kjem mesteparten av klimagassutsleppa frå industri, olje- og gasssektoren, sjøfart og vegtransport. Vestlandet er landsdelen som er mest råka av ekstremvær, og har særskilte utfordringar med å tilpasse busetnad og infrastruktur til klimaendringane.

### 2. Balansert areal- og naturressursbruk

Nedbygging av areal går på kostnad av naturressursar og verneverdiar knytt til matjord, naturmangfald, landskap og kulturmiljø. Dette har blitt ytterlegare aktualisert gjennom FN sitt naturpanel sin rapport frå 2019. Eit klima- og miljøvenleg utbyggingsmønster fører til at transportbehovet vert avgrensa, reduserer klimagassutslepp og sparar verdifulle areal. Fylket har stor produksjon av fornybar elektrisk kraft, men utfordringa er å dra større nytte av krafta i eige fylke. Akvakultur og fiske er viktige næringar, men vi må nytte dei innanfor berekraftige rammer. Ikkje alle vassførekomstar har tilfredsstillande miljøtilstand, både i vassdrag og fjordar. God vasskvalitet er ei fundamental utfordring som vi må løyse.

### 3. Gode transportsamband og smart mobilitet

Fylket har store utfordringar med å oppretthalde standard, utbetre og vedlikehalde fylkesvegane. Vi treng

betre interne transportsamband og god kopling mellom nord-sør og vintersikre aust-vest samband. Meir transport av gods med båt og tog kan avlaste vegar og minske utslepp, gjennom betre hamner. Bergensbana er den mest skredutsette jernbana i Noreg. Eit utsleppsfritt og godt utbygd kollektivtilbod er viktig for å sikre mobilitet i heile fylket. Dette gjeld spesielt båttransport på kysten og flytransport. Lokalt har vi ei utfordring knytt til å auke attraktiviteten til sykkel, gonge og kollektiv. Utrygge skulevegane er òg ei utfordring mange stader i fylket. Undersøkingar viser at manglande oppleving av god trafikktryggleik er ein viktig faktor som hindrar folk i å velje sykkel og gange. Trafikktryggleik er difor avgjerande for å endre reisevanane i befolkninga.

### 4. Grøn konkurransekraft

Grøn konkurransekraft kan gjere oss mindre avhengige av olje- og gass og meir innretta mot sirkulærøkonomi og bioøkonomi. Vestland har store konkurransefordelar med høgt utdanningsnivå, relevante forskingsmiljø og eit eksportretta næringsliv som konkurrerer i ein global marknad. Akvakultur er ei viktig næring i Vestland og fylket har størst produksjon i landet. Næringa har likevel utfordringar gjennom tap i produksjonen og i høve til miljøkonsekvensar. Utfordringa for reiselivet er å skape eit grønt reiseliv som i større grad stetter opp om lokale verksemder, og reduserer transportbehovet. Lokal matproduksjon bidreg til grøn konkurransekraft ved å sikre matjord for framtida, redusere utslepp, tek i vare kulturlandskap og gir sysselsetting i delar av fylket som har behov for tilflytting.



## 5. Digitalisering av samfunnet

Bruk av IKT gir gode moglegheiter for mindre klimagassutslepp og betre miljø. Utfordringa blir å nytte teknologien slik at næringsliv, det offentlege og privatpersonar i heile fylket har like moglegheiter til å ta del i utviklinga. I eit fylke med store avstandar blir digitalisering av tenester viktig for å minske avstandulempene. Fylkeskommunen kan spele ei viktig rolle i å sikre breiband og god mobildekning i heile fylket. Digitale tenester kan motverke avstandulempene. E-helse og E-læring er døme som effektiviserer samfunnet.

## 6. Relevant kompetanse og kunnskap

Delen unge med berre grunnskuleutdanning er aukande i fylket. Det er viktig med betre samarbeid mellom arbeidsliv og utdanning, og å sikre påfyll av kompetanse. Grøn omstilling krev ny kompetanse. Forskingsaktiviteten i næringslivet er låg samanlikna med andre fylke. Offentleg sektor har aukande behov for kunnskapsbaserte arbeidsmåtar og forskning innan alle samfunns- og tenesteområde.

## 7. Attraktive stader og gode nærmiljø

Det er viktig å skape gode nærmiljø der folk bur. Mange kommunar i fylket har dårleg tilpassa bustadtilbod. Eit inkluderande og aldersvenleg samfunn krev ein aktiv bustadpolitikk. Universell utforming gir alle moglegheiter til dei same tilboda. Gode møteplassar legg grunnlaget for deltaking i samfunnet.

## 8. Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv

Eit framsynt kulturliv kan vere med på å setje i gang samfunnsmessige endringar. Nye kunst- og kulturuttrykk må få vekse fram både i forlenging av tradisjonelle former og som nyskaping og utvikling av kulturuttrykk. Kulturlivet bidreg til tilknytning og inkludering. Dugnad og frivillige er ein viktig del av kultur- og idrettlivet i Vestland. Ei utfordring å få eit godt samarbeid mellom frivillige, profesjonelle og det offentlege. Samspel mellom profesjonelle og frivillige kan vere ei god oppskrift, og eit godt samverke mellom det offentlege, profesjonelle og frivillige blir ei utfordring framover.

## 9. Eit likeverdig samfunn

Det er aukande ulikheit i Vestland, og fleire born i familiar med vedvarande låg inntekt. Ein god oppvekst er den viktigaste premisen for eit godt voksenalv. Sjølv om sysselsettingsgraden generelt er høg i Vestland er det ei auke i menneske som fell utanfor arbeidslivet. Denne utviklinga er dramatisk forsterka av tiltaka knytt til hindring av spreininga av koronaviruset i 2020. Som alltid er det dei utsette gruppene som vert hardest råka av slike hendingar. Fylket står i dag overfor store utfordringar knytt til å trygge sysselsettinga, redusere økonomisk ulikskap, redusere den sosiale effekten av økonomiske skillnader, og forebygge utanforskap.

## 10. Ungdom – trivsel og tilhøyre

Det er ei utfordring for regionen at unge i for stor grad flyttar frå heimplassen utan å kjenne til arbeidsmarknaden og moglegheitene i lokalmiljøet. Fråfall i idretten er aukande, og unge har låg valdeltaking. Det er behov for å styrke den lokale tilhøyra til ungdom, for å auke trivsel og vilje til å satse i lokalsamfunnet. Satsing på ungdomskultur, og tilgang til utdanning og bustad, er viktig.



Opning av dagsturhytta i Sogndal, foto: Kristine Eriksrød/Sparebanken Sogn og Fjordane

## 1.4 Folkehelseoversikt 2019-2023

Det er ei klår samanheng mellom sosial berekraft og folkehelsearbeidet. Folkehelseoversikta løftar fram at vi må ha fokus på grupper som av ulike årsaker ikkje har moglegheit til å delta på same vilkår som folk flest. Dette kan skuldast økonomi, funksjonsnivå, kunnskap, utdanning, eller anna. Det er dette vi meiner med sosial ulikskap i helse. I eit livsløpsperspektiv er det mange som er utsett for systematiske utstøyttingsmekanismar som fører til, held ved like, og forsterkar sosial ulikskap. Målsettinga må vere å gjere vilkåra betre, og tersklane lågare for alle.

Folkehelseoversikta løftar vidare fram tre utfordrande utviklingstrekk for Vestland:

### Demografi

Delar av Vestland er prega av fråflytting og ei aldrande befolkning. Fleire stader skaper dette utfordringar for tenestetilbodet og rekruttering av arbeidskraft. Kollektivtilbodet og breibandtilgangen er dårleg i delar av fylket, noko som bidreg til avstandsulempar og lågare samfunnsdeltaking.

### Økonomisk ulikskap

Dei økonomiske skilnadene aukar i Vestland, med ei særskilt auke i born som veks opp i hushald med vedvarande låg inntekt. Helse og deltaking i samfunnet er område som blir råka negativt av auka sosial ulikskap. Dette har konsekvensar for enkeltmenneske og for samfunnsutviklinga som heilskap.

### Klimaendringar

Som følgje av klimaendringar er det er venta auka førekomst av naturhendingar med fare for skade på viktig infrastruktur, menneskeliv og miljø. Flaum og skredfare og utrygge vegar påverkar tryggleiken i folks kvardag.




## 2 EIT BEREKRAFTIG OG NYSKAPANDE VESTLAND



## 2.1 Langsiktig visjon og samfunnsoppdrag

I det første fylkestinget for Vestland i desember 2019, vart samfunnsoppdraget, visjon og verdiar for fylkeskommunen vedteke. Intensjonen er å skape ein felles kultur og identitet i det nye fylket. Den langsiktige visjonen «Nyskapande og berekraftig» stakar ut den langsiktige kursen for den regionale politikken. Visjonen ligg til grunn for Utviklingsplan for Vestland.

Kommune- og regionreforma styrkar det lokale sjølvstyret og gir fylkeskommunane ei tydelegare rolle som samfunnsutviklar. Dette inneber å gje tydeleg strategisk retning til samfunnsutviklinga, mobilisere ulike aktørar og samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk. Den nye rolla til Vestland fylkeskommune er utmeisla i samfunnsoppdraget «Vi set retning, engasjerer og samhandlar for å utvikle gode tenester og eit framtidsetta Vestland». Fylkeskommunen vil legge vekt på verdiane «Kompetent», «Open» og «Modig» i arbeidet med å utvikle eigen organisasjon.




## 2.2 Berekraftig og nyskapande samfunnsutvikling

Dei 17 berekraftmåla til FN, med 169 undermål, er overordna og førande for samfunnsutviklinga i Vestland. Måla får fram korleis miljømessige, sosiale og økonomiske dimensjonar ved berekraft påverkar kvarandre. Det er mange døme på at høg måloppnåing innanfor ein av dimensjonane, kan ha utilsikta negative konsekvensar for andre dimensjonar. Når ein ser måla

i samanheng kan det oppstå sterke synergieffektar. Dette syner behovet for ei heilskapleg tilnærming til utviklingsspørsmål på tvers av fag og sektorar. Nokre mål er breie og knyter saman alle dei andre, slik som mål 11, som retter seg inn mot berekraftig by og samfunnsutvikling. I Vestland har vi sterk sentralisering mot byar og tettbygde område. Samstundes skal vi



Figur 2: FN sine 17 berekraftsmål



Figur 3: Figuren illustrerer at samfunn og økonomi er innvevd i, og avhengig av, biosfæren. Når biosfæren er trua – gjennom menneskeskapt klimaendringar og tap av naturmangfald – må klima- og miljø veie tyngre og sjåast som ei føresetnad for sosial og økonomisk berekraft. (Azote Images for Stockholm Resilience Centre).

sikre helsefremjande og produktive lokalsamfunn i heile fylket. «Berekraftige byar og samfunn» er difor relevantt å løfte fram i Vestland.

Dei store konsekvensane av klimaendringar og tap av biologisk mangfald synleggjer korleis klima, miljø og naturressursar er grunnlaget for alt menneskeleg liv og virke. Vi kan seie at biosfæren rammer inn og legg grunnlaget for den sosiale berekraftdimensjonen. Saman legg dei grunnlaget for økonomisk berekraft. Omsynet til klima- og miljø bør vere eit premiss for samfunnsutviklinga. Dette representerer ei tyngdeforskyving imellom ulike samfunnsomsyn slik det er vist i figur 1. Berekraftsmål 13, 14 og 15 handlar om å stoppe klimaendringane og ta vare på liv under vatn og liv på land er særleg relevante i denne samanheng.

Dei viktigaste utfordringane for verdsamfunnet i dag er å stoppe klimaendringar og utjamne sosial ulikskap og fattigdom. Ei berekraftig utvikling møter dagens behov samtidig som vi tek vare på komande generasjonar sine moglegheiter for å dekke deira behov. Dei 17 berekraftmåla er retta mot å løyse årsakene til utfordringane, gjennom fokus på konkrete mål og delmål. Det er òg eit viktig prinsipp at dei svakaste må få høg prioritet i utviklinga, utan at andre grupper får dårlegare vilkår. Berekraftsmål 10 «Mindre ulikskap» inneber at alle menneske skal ha like moglegheiter og at tersklane

for deltaking bør vere låge. Dette er løfta fram som eit grunnleggjande mål for å møte fleire ulike ulikskapsutfordringar i Vestland. Kompetanse og utdanning er nøkkelfaktorar for utvikling, både for den einskilde og for samfunnet. Ungdom som ikkje har fullført vidaregåande opplæring er særleg utsett for å hamne varig utanfor arbeidslivet. Andelen med grunnskule som høgaste fullførte utdanning har diverre auka dei siste åra. Berekraftsmål 4 «God utdanning» er difor trekt fram for å sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning for alle.

Vestland er ein sterk verdiskapingsregion med høg kunnskap, kompetanse og ein internasjonal posisjon innan teknologi. Dette gir oss eit solid grunnlag for ei samfunnsutvikling med balansert folketal, høg velferd og stabil vekst. I ei globalisert verd kan dette situasjonsbiletet fort endre seg og gi oss heilt nye, uføresette utfordringar. Eit svært aktuelt døme på dette våren 2020 er koronapandemien og tiltaka for å stoppe utviklinga av denne. Mål 8, 9 og 12 handlar om anstendig arbeid og økonomisk vekst, innovasjon og infrastruktur, og ansvarleg forbruk og produksjon. Desse måla er trekt fram for å sikre ei robust samfunnsutvikling i Vestland og har blitt svært aktualisert av koronapandemien som no pregar heile verda.

## Mål 1

Vestland som det leiande  
verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit  
regionalisert og desentralisert Noreg

## Mål 2

Klima og miljø som  
premiss for samfunnsutvikling

## Mål 3

Lokalsamfunn som ramme for  
gode kvardagsliv i heile Vestland

## Mål 4

Like mogelegheiter  
til å delta i verdiskaping







Blomar frå strandkanten foto: Inge Døskeland

## 2.3 Hovudmål for perioden 2020-2024

Utviklingsplanen gir ein felles kurs for å inkludere, inspirere og mobilisere Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande utvikling. Alle berekraftmåla like viktige, og for å oppnå den langsiktige visjonen må vi ha framgang på alle saman. På kort sikt må vi

prioritere innsatsen der utfordringane og moglegheitene er størst. Utviklingsplanen for Vestland har definert fire hovudmål som skal leggest til grunn for all utvikling, planlegging og aktivitet i fylket.

## 2.4 Utvikling av berekraftsindikatorar i Vestland

Berekraftmåla til FN set berekraftig utvikling i system. Dei er eit verktøy for å setje enkeltsaker inn i ein breiare samanheng, og gjere det enklare å sjå meir vidtrekkande konsekvensar av avgjerder og vedtak. Planlegging er det viktigaste verktøyet for å vege interesser og behov mot kvarandre, og bidra til at konsekvensane av prioriteringar er kjent før ein tar avgjerder. Det er summen av politikken i Vestland som avgjer om regionen bidreg til å dra den nasjonale og globale samfunnsutviklinga i ønska retning.

Å følgje opp berekraftmåla og måle graden av berekraft i samfunnsutvikling er komplekst. FN har i 2017 publisert ei omfattande liste med 232 globale indikatorar til bruk i arbeidet med å følgje opp berekraftmåla. Arbeidet med å finne gode og relevante indikatorar innan berekraftig utvikling er nytt og framleis under utvikling. Det er ulikt kva som er relevant å måle, etter kva for organisasjon og organisasjonsnivå ein tek utgangspunkt i. Fleire aktørar jobbar med å utarbeide gode og relevante indikatorar på nasjonalt, regionalt og kommunalt nivå, og det finst i dag fleire ulike indikatorsett.

Utarbeidinga av regionale og lokale indikatorar er eit viktig ledd i å omsette berekraftmåla til lokale forhold. Vestland fylkeskommune vil jobbe med eit indikatorsystem for oppfølging av berekraftmåla i Vestland.

### Eit heilskapleg indikatorsystem

Eit system for oppfølging av berekraftmåla bør vere integrert, systematisk og langsiktig. Oppfølging av berekraftmåla i Vestland inneber innsamling, overvaking og analyse av data, og i nokre tilfelle produksjon av data. Dette er eit omfattande arbeid, som på ei rekke område er samanfallande med arbeid og rapportering som allereie i dag blir gjennomført i Vestland fylkeskommune, til dømes miljøstyring og folkehelseoversikt. Oppfølging av berekraftmåla bør sjåast i samanheng med andre måle- og rapporteringssystem både internt i fylkeskommunen og i resten av fylket. Eit godt system for indikatorrapportering kan bidra til å styrke målstyring og rapportering. Målsettinga er at det i løpet av inneverande valperiode blir utvikla eit heilskapleg indikatorsystem for Vestland. I dette arbeidet skal ein vurdere behovet for eit arealrekneskap for heile fylket.



Foto: Kristin Myren



## 2.5 Samarbeid for å nå måla

Berekraftmåla er globale, men løysingane er lokale, i kvar einiskild region og lokalsamfunn. Fylkeskommunar og kommunar er nøkkelaktørar for å bidra til å få utviklinga i ei meir berekraftig retning. Utfordringsbiletet krev ei omstilling av samfunnet. Dei viktigaste verkemidla er å styrke evna til nyskaping og auke kapasitet til samarbeid på tvers av fag, sektorar og nivå. Difor er mål 17, «Samarbeid for å nå måla», løfta fram av FN som det målet som bidreg til å nå alle dei andre. Vi må styrke samarbeidet mellom privat og offentleg sektor, frivilligheit, kulturliv og innbyargarar, og mellom ulike nivå innan offentleg forvaltning. Vi treng styrka kompetanse på samskaping, samarbeid, nettverksjobbing og partnerskap for å få til dette. Vestland fylke skal legge til rette for at næringsaktørar, interesseorganisasjonar og sektormyndigheiter kan delta aktivt i planprosessane.

Alle regionale planar skal ha eit handlingsprogram. For effektiv gjennomføring bør ein vurdere behovet for samarbeid og operative partnerskap. Det vil bli vurdert om gjennomføringa kan bli organisert på tvers av regionale planar. Løysingar av dei store samfunnsutfordringane kan på denne måten bli sett i samanheng i gjennomføringsfasen, til dømes koplingar mellom miljøspørsmål, helseutfordringar, attraktive samfunn, teknologiutvikling og entreprenørskap. Ein skal utvikle gode plattformer for heilskapleg samarbeid med statlege aktørar og kommunane i Vestland. I denne samanheng er det naturleg å knytte tett samarbeid med regionråda i fylket. Samarbeid og erfaringsutveksling med andre fylkeskommunar vil òg vere viktig.



# 3 HOVUDMÅL OG STRATEGIAR



# Mål 1

## Vestland som det leiande verdi- skapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

### Strategiar

- 1.1 Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.
- 1.2 Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.
- 1.3 Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.
- 1.4 Vestland fylke skal aktivt søke dei moglegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.





## Grøn konkurransekraft og entreprenørskap

Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket i landet. Vi skal nytte våre naturgjevne føresetnader og sterke teknologi- og kompetansemiljø til å vidareutvikle eit variert næringsliv med fleire arbeidsplassar og god omstillingsevne. Vi skal bygge vidare på kompetanse, næringsliv og ressursar i regionen for å utvikle nye næringar og industri. Fylkeskommunen skal som regional samfunnsutviklar samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk og bidra til å mobilisere privat og offentleg sektor, lokalsamfunn og kulturliv. Å sikre eit robust nærings- og arbeidsliv har blitt svært aktualisert av koronapandemien som no pregar heile verda. Det er heilt sentralt å avgrense konsekvensane av denne, både på kort og lang sikt.

Vestland har stort potensiale for utvikling av effektiv produksjon og forsyning av grøen, fornybar energi. Dette kan auke berekrafta i energitenestene til innbyggjarar, transport og næringsliv og kan nyttast til større industrielle satsingar. Vestland skal gå føre med å betre tilgang til forskning og teknologi for rein energi internasjonalt. Grøn konkurransekraft kan og vere knytt til bruk av stadeigne ressursar innan landbruk, marine ressursar og akvakultur. Ved å styrke den lokale matproduksjonen vil ein sikre ressursgrunnlaget for framtida, sikre kulturlandskapsverdiar og gi moglegheiter for arbeidsplassar og folketalsvekst. Planlegging er det viktigaste

verktøyet for å sikre ei samfunnsøkonomisk, effektiv og miljøvenleg utnytting av naturressursgrunnlaget knytt til jord, fjell, skog, massar og mineral, sjø og vassdrag. Vestlandslandskapet gir særlege fortrinn innanfor turisme og reiseliv, med hovudvekt på natur- og kulturbaserte opplevingar. Her kan vi ta ein leiande posisjon i den internasjonale marknaden, med nyskaping og vekst innanfor ramma av det grøne skiftet. Det er viktig for Noreg at Vestland lykkast med auka eksport frå grøen vekst i til dømes marin næring, maritim næring, prosesindustri og fornybar energi. Kompetanse frå olje- og gassindustrien er eit fortrinn for skape ny grøen industri og arbeidsplassar.

Omstillinga til nullutsleppsamfunnet bidreg til å styrke konkurransekrafta til Vestland. Vi skal legge til rette for vidareutvikling av dei regionale kompetansemiljøa slik at vi er leiande på grøen teknologi. Vi skal satse på sirkulærøkonomi og bioøkonomi med særleg vekt på landbruk og havnæringa. Sirkulærøkonomi handlar om å utvikle verdikjeder der råstoffutvinning, produksjon og gjenbruk heng saman i ein syklus der ressursar frå ein prosess vert nytta som innsatsfaktorar i ein annan. Bioøkonomi er ein økonomi basert på produksjon og foredling av fornybare biologiske ressursar. Betre ressursutnytting og energieffektivisering bidreg til betydelege utsleppsreduksjonar, og aukar lønnsmda i produksjonen.





Olden-Innvik, foto: Silje Drevdal, Statens vegvesen

## Forskning, innovasjon og internasjonalisering

Kunnskap og kompetanse er avgjerande for verdiskapinga og konkurransekrafta til Vestlandet. Globalisering og rask teknologiutvikling gjer at det opnar seg nye utfordringar og moglegheiter i høgare tempo enn før. Det er ikkje lenger tidsnok å planlegge for dagens behov, vi må ha god oversikt over kva endringar som kjem og vere kompetent til å møte dei på ei samfunnsstenleg måte. Det er viktig å legge til rette for auka satsing på forskning som kan gje ny kunnskap og nyttige innovasjonar i heile fylket. Auka samarbeid mellom forskingsmiljø, offentlig sektor og privat sektor vil gi betre kapasitet til å handtere nye utfordringar i nærings- og samfunnsutviklinga.

Mange av utfordringane knytt til samfunnsutvikling er grenseoverskridande, og regionar i ulike land kan ha tilsvarende utfordringar. I Vestland skal vi møte utfordringar gjennom interregional og internasjonal kunnskapsdeling og samarbeid. Fylkeskommunen skal mobilisere kommunar, verksemder og forskingsmiljø til å delta i internasjonalt samarbeid, for å finne felles løysingar som bidreg til ei berekraftig samfunnsutvikling.

## Vestland som leiande kulturregion

Eit aktivt, oppdatert og innovativt kulturliv er med på å utvikle samfunnet vidare og set i gang samfunnsmessige endringar. Kulturliv, kreative næringar, idrett og friluftsliv er viktige regionale verdiskaparar. Vestland bør kjenneteiknast av eit kultur og idrettsliv som fremjar fornying og utvikling. Nye kunst- og kulturuttrykk må få vekse fram både i forlenging av tradisjonelle former og som nyskaping og utvikling av nye kulturuttrykk. Kulturlivet må utviklast fritt og uavhengig. Kunst og kulturliv kan vere med på å setje viktige samfunnsmessige spørsmål og problemstillingar på dagsorden.

Vestland har kunst, kulturinstitusjonar, prosjekt og arrangement som markerer seg i europeisk og internasjonal samanheng. Ein tydeleg kulturell profil kan bidra til å vidareutvikle kulturregionen. Profesjonelt kulturliv bør vere sterkt og fremja nyskaping og yringsfridom. Samspelet mellom kultur næring, kulturarv, reiseliv og teknologimiljø har eit stort utviklingspotensiale. Utviklinga innan digital teknologi opnar kulturfeltet for innovasjon knytt til uttrykk, kulturarv, deltaking og formidling. Forsknings- og utviklingsarbeid på kulturfeltet vil vere viktig i forminga av framtidig regional kulturpolitikk.

Kulturminne og kulturmiljø er viktige samfunnsressurser som i større grad bør nyttast for å utvikle eit variert næringsliv og auka sysselsetting. Næringsutvikling med basis i kulturminne kan mellom anna bidra til verdiskaping i reiselivet.

### Eit inkluderande arbeidsliv

Vestland skal arbeide for gode levekår og livskvalitet for alle innbyggjarar. Inkluderings, deltaking, meistring og trivsel er viktige faktorar for opplevd livskvalitet. I Vestland skal innsats rettast mot desse måla, med dei verkemiddel som er tilgjengelege. Eit inkluderande og variert arbeidsliv med plass til alle er ein viktig faktor i denne samanheng. Dette legg til rette for auka sysselsetting gjennom å forebygge sjukefråvær og fråfall.

### Digitale løysingar og sosialt entreprenørskap

Folk buset seg der det er jobbar, og tilgang på arbeidsplassar og arbeidskraft skaper ein positiv sosial og økonomisk spiral. For å motvirke avstandsulemper i tenestetilbodet, skal Vestland legge til rette for sosial verdiskaping og innovasjon. Dette handlar om å utvikle produkt eller tenester som løysar sosiale utfordringar på en ny måte. Stimulering til sosialt entreprenørskap

kan bidra til eit fullverdig tilbod ved å skape nye, lokale arbeidsplassar. Utvikling av ny digital teknologi og infrastruktur kan vere ein del av løysinga for å fremje kvalitet og nærleik til brukar. Kulturlivet og frivillig sektor er ein ressurs i digital utvikling og sosialt entreprenørskap.

### Styrke regionen

Regionreforma skal sikre vekstkraft, likeverdige levekår og berekraftige regionar i heile Noreg. Fylkeskommunen har fått ei sterkare rolle som samfunnsutviklar og skal legge til rette for ei samordna oppgåveløysing på tvers av sektorar. Større fylkeskommunar vil ha betre føresetnader for å vere likeverdige partnarar i møte med staten, og dermed betre i stand til å fremje innbyggjarane i Vestland sine interesser. For at Vestland fylkeskommune skal bli ein kraft i samfunnsutviklinga, er det vesentleg med større kapasitet og meir ressursar. Vestland skal arbeide for at staten overfører fleire oppgåver og ressursar til det regionalt folkevalde nivået. Dette vil gi betre tenester nærare brukarane, og vil styrke forvaltninga og vekstkrafta i fylket. Vestland skal vere ein pådrivar for utflytting av statlege arbeidsplassar til landsdelen og arbeide for lokaliseringar som fremjar balansert arealutvikling, arbeidsplassvekst og god tilgang til regionale tenester.

Foto: David Stewart, homegets.com





# Mål 2

## Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

### Strategiar:

- 2.1 Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.
- 2.2 Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
- 2.3 Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.





## Eit premiss for samfunnsutvikling

Det grønne skiftet betyr omstilling til eit samfunn der utvikling og vekst skjer innafor tolegrensa til naturen. Dette inneber betre ressursutnytting, kunnskapsbasert forvaltning av naturressursar og mindre belastning på miljø og klima. Difor er klima- og miljømåla eit premiss for samfunnsutviklinga. Det er summen av politikken som er utslagsgivande for om regional utvikling bidreg til å nå nasjonale og globale klima- og miljømål. Det er avgjerande at vi fattar vedtak basert på oppdatert kunnskap og vurderer einssilde saker i eit heilskapsbilete. Samstundes er det rom for skjønsmessige vurderingar og prioriteringar mellom omsyn.

## Brei innsats for eit nullutsleppssamfunn

For å nå målet om å vere eit nullutsleppssamfunn er brei samfunnsinnsats nødvendig. I Vestland er ein stor del av klimautsleppa frå energibruk i industri, utvinning av olje og gass, sjøfart og vegtransport. Fornyng i energiproduksjon og -distribusjon og omlegging til fornybar energi vil bidra til lågare utslepp. Denne omstillinga har høgt potensiale for verdiskaping og auka konkurransekraft. Potensialet for auka grøn og lønsam eksport er særleg stort for maritim industri, sjømat, fornybar



Foto: Gaute Dvergsdal Bøyum





Foto: Pål Gran Kielland

energi og prosessindustrien. Innanfor transport er det naudsynt med overgang til fossilfri framdrift. Det vil og gi helsegevinstar. Innanfor persontransport er det mykje å hente på å utvikle eit godt og berekraftige kollektivtilbod og legge til rette for at folk kan gå og sykle i kvardagen. Eit kompakt og godt utnyttta utbyggingsmønster er ein viktig del av omstillinga. I utvinning av råstoff og produksjon av varer må ein stimulere til større grad av sirkulær økonomi og ressursgjenvinning.


## Klimatilpassing

I tillegg til å redusere utsleppa inneber klimaomstilling at vi må tilpasse samfunnet slik at det vert robust i møte med klimaendringane. Vi vil få hyppigare ekstreme naturhendingar i form av styrtregn, flaum, ras og skred, som påverkar kritisk infrastruktur, næringsliv, natur- og kulturmiljø. I tillegg til dei økonomiske konsekvensane påverkar det og tryggleiken og helsa i befolkninga. Dette gir nye utfordringar for planlegginga, og eit nytt risiko- og sårbarheitsbilete som påverkar samfunnsutvikling, næringsliv og kvardagslivet til folk. Mange bygningar ligg i område med flaumfare. Eit særleg viktig innsatsområde i Vestland er utvikling av eit sikkert og stabilt regionalt og nasjonalt veg- og banelnett. Eit anna er trygge lokalsamfunn der innbyggjarane sine heimar og omgjevnader er verna mot naturfare og andre uføresette påkjenningar. Det er stort potensial for auka verdiskaping og næringsutvikling i utvikling av gode løysningar for klimatilpassing.

Det er viktig å styrke samhandlinga innan beredskap og krisehandtering, særskilt i lys av klimaendringane, men også etter erfaringane frå koronapandemien. Det er behov for eit gjennomgåande fokus på å skape robuste samfunn som er i stand til å møte og å redusere negative konsekvensar når noko hender, enten det er pandemiar, naturkatastrofar, økonomiske kriser eller

anna. Risiko og beredskap bør vere eit tema som vert vurdert i alle relevante planarbeid for å bidra til samarbeid og koordinert innsats for auka beredskap og samfunnstryggleik.

Foto: Casper Helmark Andersen





## Balansert og planstyrt areal- og ressursforvaltning

Ei langsiktig og balansert arealforvaltning er viktig for å gjere Vestland til ein berekraftig region med fornyings- evne og vekstkraft. Nedbygging eller beslaglegging av areal er den største utfordringa for å ivareta naturmang- faldet. Vi skal ha ein kunnskapsbasert arealpolitikk som veier behovet for utvikling mot langsiktig forvaltning og vern av arts- og naturmangfald, landskaps,- og friluftst- verdiar, jordbruksareal, kulturminneverdiar på land, under jorda og i vatn. Oppdatert og kartfesta kunnskap av regionale arealverdiar er vesentleg som grunnlag for ei planstyrt utvikling. Dette krev utvikling av felles verktøy som bidreg til å synleggjere og vurdere samla konsekvensar av tiltak. Regional og kommunal plan- legging og samordning av offentleg verkemiddelbruk, er dei viktigaste strategiske verktøya for å dra arealut- viklinga i ønska retning. Vestland skal stimulere til høg planleggingskvalitet og -deltaking gjennom å digitalise- re kunnskapsgrunnlaget og legge til rette for deling og utveksling av data.

Det årlege, vesentlege tapet av kulturminne av både nyare og eldre tid er ei utfordring. I Vestland har vi kulturminne og kulturmiljø av nasjonal og internasjonal verdi som vi må ta vare på, til dømes steinalderlandska- pet langs kysten.

Vi skal jobbe for ein balansert areal- og ressursutnyt- ting som tek i vare dei naturgitte føresetnadene for trivsel og glede i naturen, samstundes som naturens eigenverdi vert høgt verdsett. Villreinen er døme på ein art der fylket har eit internasjonalt ansvar for vern.

Verdsarvlista til UNESCO (World Heritage List) repre- senterer det fremste i verda av kultur- og naturverdiar. I Vestland fylke er det vedteke fleire slike område innafør ulike programområde i UNESCO, og det er fleire områ- de i prosess for å få ein slik status. UNESCO-områda i Vestland bør bli vidareutvikla til fyrtårn for natur- og kulturminneforvaltning.

## Det offentlege skal mobilisere til ansvarlege innkjøp

I dag er offentlege innkjøp ansvarleg for ein betydeleg del av utsleppa. I Vestland skal det offentlege gå føre og styre utviklinga i riktig retning. Ved å legge vekt på å redusere miljøbelastninga og fremje berekraftige og klimavenlege løysingar, kan det offentlege redusere for- bruket av ikkje-fornybare ressursar og ta omsyn til livs- løpsutslepp til produkta og tenestene. Dette kan gjerast på ulike måtar, men særleg gjennom innovasjonsretta samarbeidsformer som er eigna til å bringe fram nye, grønne løysingar. Tilsvarande skal offentlege innkjøp si- kre grunnleggande sosiale forhold som menneskerettar og universell utforming, for å fremje ein nyskapande og berekraftig region. Gjennom å etterspørje ansvarlege og framtidsetta løysingar kan det offentlege stimulere til innovasjon og teknologisk utvikling.

Foto: Elisabeth Haugland, Vestland fylkeskommune





# Mål 3

## Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

### Strategiar:

- 3.1 Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.
- 3.2 Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.
- 3.3 Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.





## Gode og levande lokalsamfunn

Lokalsamfunna er berebjelegane i ei berekraftig samfunnsutvikling. Korleis vi disponerer areala og lokaliserer viktige funksjonar og kvalitetar i dei fysiske omgjevnadene våre, har mykje å seie for trivsel, tryggleik, busetting, verdiskaping, klima og miljø. Korleis vi identifiserer, organiserer og utviklar dei menneskelege ressursane i lokalsamfunna er og viktig for å skape eit meningsfylt kvardagsliv for folk flest.

Naturgjevne kvalitetar, kulturminne og lokal identitet er viktige ressursar i stadutviklinga. Natur-, kultur- og landskapsverdiar som integrert del av byggesona og som større samanhengande område for friluftsliv gir auka attraktivitet i lokalsamfunna. God arkitektur handlar om å gjere omgjevnadene inkluderande, opplevingsrike og estetiske. Fleksible og attraktive offentlege rom, er viktig for å styrke sosiale fellesskap og bidra til levande sentrumsområde. Eit mangfald av møteplassar, handel og tenester, kultur-, og fritidsaktivitetar gir tilhørslse og motverker utanforskap og einsemd. Klimatilpassing basert på naturlege løysingar byr på moglegheiter til å styrke grønstruktur, biologisk mangfald og vatn som ressurs.

I Vestland skal vi ha helsefremjande og trygge lokalsamfunn som tek vare på og inkluderer alle frå vogge til grav. Vi skal styrke innsatsen mot opphoping av levekårsutfordringar, og utvikle eit variert bustadtilbod med god kvalitet, tilpassa behovet og i alle prisklasser. Bustadområda skal planleggast for sosial blanding med høg kvalitet i uteareala og god tilgang til kollektivtilbod. Vi skal satse på gode skuleveggar, barnehagar og skular som ei investering i god oppvekst. Vi skal ha eit funksjonelt og attraktivt kollektivtilbod som gjer det lett og trygt å reise kollektivt. Vi skal satse på blågrøne kvalitetar og god tilgang til nærfriluftsliv og fysisk aktivitet. Koronakrisa har ytterlegare understreka kor viktig det er med lokale nærfriluftsområder.

## Utbyggingsmønster og senterstruktur

Vestland har ujamn folketalsutvikling, med sentralisering mot nokre kommunar og større stader. I vekstkomunane er det vekst i tilbodet av bustader, arbeidsplassar og tenester. Rask vekst kan gi kraft til endring og klimaomstilling, men kan òg gi utfordringar knytt til behov for oppgradering av infrastruktur og sikring av kvalitet i bygde omgjevnader. I nokre kommunar er biletet prega av svak næringsutvikling, fråflytting og skeiv



aldersfordeling. Her er utfordringa å sørge for fleire arbeidsplassar, rekruttering av arbeidskraft og jamgode tilbod og tenester. Regional planlegging skal sikre ei samfunnsutvikling som utjamnar sosial ulikskap og styrker grunnlaget for vekst og gode kvardagsliv i heile fylket.

Det er ønskeleg å tilby service, handel og tenester nærast mogeleg innbyggerane, både ut frå eit velferds-synspunkt og eit transportperspektiv. Samstundes skal det lokale tilbodet ha kvalitet og vere effektivt. Ein senterstruktur med fylkessenter, regionsenter og lokalsenter som strategi for vekst gir grunnlag for ein god balanse mellom nærleik, kvalitet og effektivitet. Samlokalisering av ulike tenester er brukarvenleg, og gir fagleg støtte til tenesteytarane. Ein sterk Bergensregion og eit nettverk av regionsenter som drivkraft og knutepunkt i sitt omland er eitt ledd i å finne denne balansen.

Sterke og attraktive regionsenter er motorar i bustads-, arbeids- og serviceregionane. Dei stimulerer til verdiskaping og konkurransekraft, har spesialiserte tenester som supplerer det lokale tilbodet i tettstader og grender, og gjer det mogleg å arbeide og bu i alle deler av fylket.

Ei satsing på regionsentera bidreg til arealeffektivitet, mindre byspreiing, reduserte klimagassutslepp, styrka grunnlag for verdiskaping og tilgjengelege tilbod og tenester også i dei mindre tettstadene. Alle innbyggerar skal ha gode kvardagstilbod og tilgang til meir spesialiserte tilbod i rimeleg reiselengd.

## Bergen som drivkraft

Bergen skal vere hovudstaden på Vestlandet og ei drivkraft for utviklinga i heile landsdelen. Bergensregionen skal vere ein attraktiv stad å bu, skal tilby kunnskap, kunst og kultur til heile regionen og legge til rette for nytt og eksisterande næringsliv. Bergen er særleg viktig for å styrke posisjonen til Vestland nasjonalt og internasjonalt.

Samordna areal- og transportplanlegging i Bergensområdet med nullvekst i personbiltransporten vert vidareført som satsing i Bergensområdet. Eit balansert utbyggingsmønster som legg til rette for at fleire reiser kan skje til sykkel og til fots, og eit kapasitetssterkt kollektivnettverk, er sentrale tiltak for å nå dette målet. Oppfølginga av Regional areal- og transportplan for Bergensområdet og byveksttalen vil bidra til ei heilskapleg og samordna utvikling.

## Trygg og miljøvenleg mobilitet

God mobilitet sikrar innbyggerane tilgang til arbeid, tenester og fritidsaktivitetar. I Vestland skal vi ha infrastruktur som gjer det mogeleg å tilby trygg og miljøvenleg mobilitet for alle.

Kollektivtilbodet i Vestland skal sikre eit rimeleg nivå av mobilitet gjennom gode korrespondansar og omstigningsmoglegheiter. Vi har store variasjonar i kundegrunnlag og bruk i ulike delar av fylket, og det er behov for stadtilpassing i val av løysingar. I byane er det viktig å sikre god nok kapasitet i kollektivnettet. I distrikta kan

Foto: Kvalbein Korsøen Arkitektur AS







Foto: Maria Berge, shutterstock.com

innovasjon og digitale løysingar bidra til utvikling av saumlause reiser og behovsstyrt kapasitet.

Trafikktryggleik og nullvisjonen skal ligge til grunn i samferdselsplanlegginga. Dette er ein visjon om at det ikkje skal skje ulykker med drepne eller hardt skadde i trafikken i Vestland.

Det er stort forfall og etterslep på vedlikehald på fylkesvegnettet. Dette har ein negativ innverknad både på trafikktryggleiken og framkomsten på fylkesvegnettet. Kombinert med auka risiko for flaum og rasfare gir dette eit stort behov for auka innsats for å ta vare på det eksisterande vegnettet.

Gode regionale samband er viktige for å sikre innbyggjarane god mobilitet på tvers av fylket, til andre deler av landet, og til viktige knutepunkt utanfor fylket. Alle dei sentrale næringane som er viktig for norsk verdiskaping og eksport har tyngdepunkt i Vestland. Dette næringslivet treng eit trygt og effektivt transportnett mot marknadene.

## Digital infrastruktur

I kommunar som ligg mindre sentralt, og har låg folketals- og næringsvekst kan befolkninga oppleve avstandsuremer i tenestetilbod og næringsliv. Vestland skal motverke dette gjennom nyskaping og innovasjon. Utvikling av ny digital teknologi og infrastruktur er ein del av løysinga for å fremje kvalitet og nærleik til brukar og bygge ned barrierar for næringsutvikling. Digitalisering skaper nye forretningsmodellar for næringslivet og grip inn i tenestetilbodet i offentleg sektor. I denne utviklinga ligg grunnlaget for store samfunnsendingar knytt til effektivisering, automatisering, robotisering, sirkulær økonomi og nye tenestetilbod basert på digitale plattformer.

Fram til no har fokuset vore på å byggja ut digital infrastruktur. I tida framover vert det like viktig med digitale ferdigheiter og digitale tenester. Denne samfunnsendinga gjer at vil i større grad må integrere digitalisering i tenesteproduksjon, næringsutvikling, utdanning, forskning og forvaltning.

# Mål 4

## Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

### Strategiar

- 4.1 Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.
- 4.2 Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.
- 4.3 Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.





## Opne og inkluderande arenaer

Dei sosiale skilnadene i Vestland er aukande og har vore det over tid. Samfunn med større forskjellar har of- tare lågare tillit mellom folk, svakare sosiale relasjonar, svakare demokrati og mindre økonomisk stabilitet. Tillit til og mellom folk og institusjonar, oppleving av tilhøyr- sle og høg deltaking i arbeidsliv og kulturliv er kvalitetar vi bør ta vare på ved å sørge for at folk i Vestland får like moglegheiter til samfunnsdeltaking. Viktige arenaer for deltaking er barnehage, skule og utdanning, arbeid og fritidstilbod. Høg sysselsettingsgrad er viktig for å redusere sosial ulikskap, og inngangen til arbeidslivet vert ofte sikra gjennom deltaking på andre arenaer. Vi veit at utanforskap og einsemnd gir tapt livskvalitet, auka risiko for fysisk og psykisk sjukdom og tidleg død. Høg kvalitet i arenaer for deltaking og låge tersklar for å bli med – særskilt i oppveksten – fremjar sunne og aktive liv og robuste innbyggjarar som kan bidra i utvikling av sine lokalsamfunn.

Eit hovudprinsipp i berekraftmåla er at ingen skal ute- latast. For å nå dette målet må vi ha spesielt fokus på sårbare grupper og sette inn eit breitt verkemiddelap- parat på tvers av sektorar. Vestland skal ha eit spesielt fokus på sårbarheit, livsomstilling og utanforskap. Inkludering bør vere eit gjennomgåande perspektiv i all regional og kommunal planlegging og verksemd. Kul- tur-, idrett-, og frivilligheit skapar mange gode arenaer for deltaking i Vestland. Vi har sterk tradisjon for breie og inkluderande aktivitetstilbod som vert til i samarbeid mellom det offentlege, frivilligheita og profesjonelle kulturaktørar. For dei som er sårbare for utanforskap er desse arenaene ekstra viktige, og kan vere inngangen til anna samfunns- og arbeidsliv. Gode rammer og låge tersklar for deltaking vil bidra til å utjamne sosial og økonomisk ulikskap.





UKM, Foto: Vestland fylkeskommune

## Berekraftig utvikling gjennom eit aldersvennleg samfunn

At folk lever lenge og held seg friske er ein stor ressurs for samfunnet. For å ta i bruk dei moglegheitene dette gir må vi organisere oss på ein måte som fremjar aktiv og sunn aldring. Dette handlar både om livskvaliteten til enkeltmennesket og ein berekraftig velferdsmodell. Dei eldre vil framover ha høgare utdanning, betre økonomi, betre helse og vere meir endringskompetente enn i dag. Samfunnet skal legge til rette for at alle får brukt sine ressursar som grunnlag for livskvalitet og meistringsfølelse, uavhengig av alder. I Vestland skal vi bygge ned fordommar og diskriminering i arbeids-, og samfunns- liv, og styrke deltakinga på alle arenaer.

## Eigenverdien i kunst- og kulturliv

Kunst og kultur kan hjelpe oss å forstå og utfordre oss sjølve og samfunnet vi lev i. Kunst og kultur har ein eigenverdi og er viktig i utviklinga av enkeltmenneske, grupper og samfunnet som heilskap. Kulturlivet bidreg til å forsterke identitet og samhald, men òg til å utvide fellesskapet og skape større mangfald. I krisetider vert det spesielt synleg at kulturlivet evnar å mobilisere til kreativ omstilling og styrke samhald. Vestland har tradisjon for eit rikt og desentralisert kulturliv, med eit mangfald av tilbod i lokalsamfunna der nynorsk språk er ein grunnleggande identitetsberar. Dette skal vi bygge vidare på som ressurs for skaping, oppleving og innovasjon, gjennom godt samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligheit og profesjonelle aktørar. Bergen og regionsentera er viktige som sterke fag- og produksjonsmiljø som kjem heile regionen til gode. Vestland skal vere pådrivar for eit sterkt og uavhengig regionalt kunst- og kulturliv med førsteklasses kvalitet, og ta ein sentral plass på den nasjonale og internasjonale scena.




## Relevant opplæring basert på lokale fortrinn

Kompetanse og kunnskap er nøkkelfaktorar for utvikling, både for den einskilde og for samfunnet. Eit breitt og inkluderande opplæringstilbod styrker deltakinga i samfunnet. Livslang læring er viktigare enn før. Dette handlar om å gje moglegheiter for kompetanseutvikling i alle livsfasar. Teknologiutviklinga knytt til digitalisering og automatisering krev kontinuerleg oppdatering av kunnskap. Vi må synleggjere og verdsette realkompetanse frå fritids- og arbeidsliv som ein ressurs i samfunnet. I Vestland skal vi gjennom samarbeid mellom opplærings- og utdanningsinstitusjonane, offentleg sektor, næringsliv og frivilligheita, gi innbyggerane moglegheit for livslang læring og kompetanseutvikling som ressurs for enkeltmenneske og samfunnet.

Opplæringstilbodet skal vere tilpassa behovet i lokalt arbeidsliv både i privat og offentlig sektor, og bidra til å løyse lokale og globale utfordringar med utgangspunkt i regionale fortrinn. Dette bidreg til at næringslivet får tilgang til stabil, relevant og oppdatert kompetanse, og kan motivere barn og unge til å satse på utdanning og yrkeskarriere i eigen region. Det kan òg bidra til å gjere kommunane attraktive for tilflyttarar, næringsinvesteringar og entreprenørskap. Utdanningsløpa skal stimulere til gründerkultur frå barneskule til universitet. Vi skal styrke innsatsen for å auke gjennomføringa i vidaregåande skule, og ha kvalitet i tilbodet om karriererettleiing og vaksenopplæring.

Foto: Morten Wanvik



# 4 PLANBEHOV I PERIODEN 2020-2024





## 4.1 Behov for regionale planar

### Gjennomgåande tema i regionale planar

Regionale planar har ei viktig rolle i å mobilisere og samordne innsatsen og fremje brei, open og inkluderande verdiskaping. Klima og miljø, folkehelse, integrering og inkludering er tverrgåande tema som treng betre samordning på tvers av sektorar og fagmiljø. Det er behov for større vekt på samarbeid og samhandling i fylket. Gjennom at Utviklingsplan for Vestland skal bli lagt til grunn for alle regionale planar, vil den bidra til at slike tverrgåande tema vert løfta opp som eit gjennomgåande perspektiv i all regional planlegging.

### Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Innan innovasjon og næringsutvikling er det stort behov for regional samordning for å dra utviklinga i felles retning. Vi treng å utvikle ei plattform for heilskapleg samarbeid om innovasjon og smarte og berekraftige byar og lokalsamfunn. Vi treng fleire gründerar, vekstkraftige bedrifter og meir innovasjon i både offentleg og privat sektor. For å stimulere til verdiskaping gjennom auka omstillingsevne og det grønne skiftet, er det nødvendig med ein oppdatert regional innovasjons- og næringspolitikk og ein ny regional plan. Planen skal også avklare viktige regionale forskingsbehov og korleis forskning kan vidareutviklast som verktøy i regionale innovasjonsprosessar.

Internasjonal konkurranse endrar seg raskt. Planlegginga skal legge eit grunnlag for fornying (spesialisering) på område der næringslivet kan ta posisjonar i framtida. I planen kan nyskapande løysingar adresserast. Planen må inkludere utvikling av samspelet mellom forskingsmiljø, næringslivet, det offentlege og brukargrupper.

### Regional klimaplan

FN sitt klimapanel skisserer eit behov for å redusere klimagassutsleppa med 50 % innan 2030 for å nå måla sett i Paris-avtalen. Dette har ført til at også nasjonale og regionale mål har blitt meir ambisiøse, samstundes som ny forskning og rapportar skildrar alvoret ved å ikkje setje i verk tilstrekkelege tiltak. Gjeldande klimaplanar reflekterer ikkje dette biletet. For at Vestland skal posisjonere seg som leiande i klimaomstillinga og grøn verdiskaping vert det nødvendig med utarbeiding av ein felles klimaplan for Vestland fylke. Den skal både omhandle korleis vi kan redusere utslepp av klimagas-

sar, og korleis vi kan tilpasse oss til klimaendringane. Planen vil vere viktig for å lukkast med målsetjingane i utviklingsplanen og for å bidra til å innfri Noreg sine internasjonale forpliktingar på klimafeltet.

### Regional plan for senterstruktur

Ein ny regional plan for senterstruktur for Vestland er eit viktig strategisk verktøy for å legge til rette ein balansert vekst og helsefremjande lokalsamfunn i heile fylket. Planen skal samordne lokalisering av bustader, arbeidsplassar, tenester, service og handel. Eit viktig mål er å peike ut regionsenter som skal vere motor og drivkraft i sine omland, og bidra til verdiskaping og konkurransekraft, sterke bu- og arbeidsmarknader, og utjamning av sosial og økonomisk ulikskap. Ei tenleg arbeidsdeling mellom senter med ulik storleik og funksjon, vil bidra til ei berekraftig og konkurransedyktig samfunnsutvikling, og gjere det mogleg å drive næring og leve gode liv i heile fylket.

### Regional transportplan

Arbeidet med ein regional transportplan for Vestland vart satt i gang i 2020 og vert eit langsiktig strategisk styringsdokumentet for heile samferdslesektoren i Vestland. Planen femner om fylkesvegnett, kollektivtrafikk, trafikktryggleik, næringstransport og skredsikring. Delplanar og strategiar i dei tidlegare fylka skal bli innarbeidd i den regionale planen. I tillegg skal Rammeplan for avkøyrslar bli innarbeidd. Regional transportplan legg føringar for fylkeskommunen sine prioriteringar i handlingsprogram og budsjettvedtak. Det vert utarbeidd eitt felles handlingsprogram der investeringsprogrammet skal vere ein integrert del.

Det er mange store utbyggingar av samferdsels- og infrastrukturprosjekt i Vestland som gir store masseoverskot. Regional transportplan skal utarbeide prinsipp og strategiar for korleis ein kan utnytte slike massar på ein samfunnsstenleg måte. Dette er ei viktig føresetnad for ein sirkulær økonomi.

### Regional plan for kompetanse

Fylkeskommunen har ansvar for den regionale kompetansepolitikken med mål om å sikre innbyggjarane tilgang til opplæring og arbeidslivet tilgang til kompetent, kvalifisert og relevant arbeidskraft. Dette involverer fleire politikkområde; utdanning, næringsutvikling og integrerings- og inkluderingspolitikk. Vi rår over verkemiddel som vidaregåande opplæring, høgare yrkesfagleg opplæring (fagskuleutdanning), vaksenopp-

læring, bedriftsintern opplæring, entreprenørskapsarbeid, etablererettleiing, karriererettleiing og integrering av flyktningar og innvandrarakar. Ein regional plan for kompetanse er eit viktig verktøy for å vidareutvikle samarbeidet mellom arbeidslivet og utdanningssektoren, og få formålstenlege overgangar innan eit livslangt læringstilbod. Planen skal mobilisere nøkkelaktørar og gi felles retning, og bidra til å samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk.

## Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv

Regionen har fått nye oppgåver frå staten når det gjeld friluftsliv, kulturarv, integrering. Det skal bli utarbeidd ein ny samla Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv som erstattar dei gamle regionale planane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Denne må svare betre på dei nye ansvarsområda og knytte dei til dei overordna måla i Utviklingsplanen for Vestland. Alle oppgåvene føreset samarbeid og partnerskap mellom fylkeskommunen og andre offentlege og private aktørar i regionen. Ikkje minst er frivilligheita ein viktig samarbeidspart i nærmiljøa. Regional plan har ei viktig rolle i å mobilisere og samordne innsatsen og fremje brei, open og inkluderande verdiskaping. Integrering og inkludering skal vere eit gjennomgåande perspektiv i all regional planlegging.

## Regional plan for vassforvaltning Vestland

Vassforskrifta slår fast at det skal utarbeidast regionale vassforvaltningsplanar med tilhøyrande tiltaksprogram. Planen skal utarbeidast som ein regional plan i sam-

svar med plan- og bygningslova. Hovudmålet med vassforvaltningsplanen er å betre vassmiljøet der det er dårleg og å verne om vassmiljøet slik at det ikkje vert dårlegare. Gjeldande regionale vassforvaltningsplanar med tiltaksprogram blei utarbeidd i 2015, godkjende i 2016 og gjeld til utgangen av 2021. Fram mot utgangen av 2021 skal desse oppdaterast og justerast for heile landet. Det er starta arbeid med å oppdatere vassforvaltningsplan for Vestland og planen med tiltaksprogram skal gjelde frå 2022 til 2027.

## Regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar

Det er behov ein langsiktig og målretta arealforvaltning for å bevare mangfaldet i natur, landskap og kulturmiljø i Vestland fylke. Ein regional plan for arealforvaltning vil bidra til å god kunnskap og effektivitet i planlegginga, styrke gjennomføringa og bidra til heilskaplege val i arealpolitikken. Føremålet med ein regional plan for areal-, natur- og kulturminneressursar er todelt. Det er behov for auka kunnskap om arealverdiar og det er behov for å utarbeide arealstrategiar og retningslinjer for arealbruk. Fylkeskommunen vil nytte perioden 2020-2024 til å starte arbeidet med å hente inn og oppdatere kunnskap, som grunnlag for ei framtidig regional plan. Ein slik plan bør bli vurdert på ny i neste regionale planstrategi. Digitalisering og deling av kunnskap kan bli ein snarleg gevinst for forvaltninga. Framdrift i arbeidet skal inngå som ein del av rapporteringa knytt til arbeidet med Utviklingsplanen. Fylkeskommunen skal invitere sentrale partar til ei samling for å drøfte kva verkemiddel og arbeid som bør gjennomførast i perioden fram til 2024.

Foto: Morten Wanvik



## Regionale planar for kystsona

Dei kystnære sjøareala og strandsona står i ein særstilling i Vestland. Det er viktige som naturtypar og biologisk system, ressurs for verdiskaping og landskap med kulturminneverdiar og rekreasjonsmogelegheiter. Presset på kysten er aukande og forvaltninga er prega av mange ulike interesser, på tvers av kommunegrensar og sektorar. Regional planlegging kan bidra til å balansere interessene mot kvarandre og sikre både bruk og vern. Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger vart utarbeidd som ein pilot i bruk av retningslinjer for arealbruk og arealkart i Hordaland- Den vart stadfesta av kommunal- og moderniseringsdepartementet i mars 2020. I fylkestinget sitt vedtak frå 2017 vart det lagt inn krav om rullering etter to år. I tråd med overordna føringar er ikkje planen iverksett fullt ut sidan planen har vore til handsaming i departementet sidan januar 2018. Det er ikkje sett i gang formidling av planen til kommunane, statlege etatar eller andre aktørar, tiltaka i handlingsprogrammet er ikkje iverksett og planen er ikkje brukt som grunnlag for sakshandsaming. Rullering bør difor vente til planen har fått verke over noko tid. Strategisk plan for kysten i gamle Sogn- og Fjordane er også ny. Vestland ønskjer å hauste erfaringar med gjennomføring av desse to planane i inneverande periode. Om to år vil planane bli evaluert som grunnlag for nye vurderingar i neste regionale planstrategi. Det vert òg stimulert til interkommunale planarbeid for strand- og kystsona.

## Regional plan for folkehelse

Folkehelsearbeidet i fylket skal bidra til å skape eit samfunn som fremjar god helse for alle innbyggjarane, med særleg merksemd på barn og unge og utjamning av sosial ulikskap. Det er utarbeidd mål og strategiar i utviklingsplanen som tek i vare utfordringane frå folkehelseoversikten for Vestland. Begge dei gamle fylka har regionale folkehelseplanar. Erfaringane er at dei har vore viktig for å løfte den sosiale dimensjonen av berekraft og folkehelseperspektivet i samfunnsutviklinga. Planane er relativt samstemte i mål og tema, men kunnskapsgrunnlaget har sidan blitt styrka og på sikt er det behov for ei oppdatert og meir strategisk plan. Folkehelseplanane kan likevel førest vidare i si noverande form, men med eit auka fokus på gjennomføring. Det skal bli utarbeidd eit nytt handlingsprogram som er meir strategisk innretta, og ein skal aktivt arbeide inn folkehelse som ein del av andre planprosessar. Særleg viktig er det å styrke samordninga i offentleg sektor, fremje samarbeid mellom ulike sektorar og stimulere til innovasjon og nyskaping.

## Regionale planar for kraftutbygging

Det er tre gjeldande planar innan feltet, to planar for små vasskraftverk med retningslinjer for sakshandsaming, og ein Regional plan for vindkraft gjeldande i Sogn- og Fjordane. Planane har behov for revisjon, særleg med tanke på å oppdatere kunnskapsgrunnlaget, men også for å sette strategisk retning og ambisjonsnivå for utbygging.

Retningslinjene i planane fungerer godt som grunnlag for vurdering av konsesjonssaker. Planane vert difor vidareførte i denne perioden for å oppretthalde retningslinjene, men ein må vurdere desse på nytt i arbeidet med Regional plan for fornybar energi. Det kan vere behov for ei avgrensa oppdatering av kunnskapsgrunnlaget.

## Regional plan for fornybar energi

Det er behov for ein ny og tydeleg regional politikk på energifeltet. Ein god kraftbalanse og sikker kraftforsyning er ein viktig føresetnad for vidare verdiskaping i fylket. Det er eit stadig større elektrifiseringsbehov, meir fornybar kraftproduksjon, nye industriar og endra forbruksmønster som aukar presset på kraftsystemet, samtidig som det aukar presset på areal og landskap. Regional plan for fornybar energi skal fastsette mål om ambisjonsnivå og utbygging av fornybar energi. Når denne blir vedteken vil den erstatte dei gamle kraftplanane. I prosessen skal ein vurdere å korleis ein skal vidareføre retningslinjene for arealbruk i gjeldande regional plan for vindkraft, og regionale planar for småkraftverk.

## Regionale planar for geografisk avgrensa område

Vi har fleire regionale planar som gjeld for geografisk avgrensa område i Vestland fylke. Det er gjort ei vurdering av om dei er relevante og bidreg til å nå mål og strategiar i utviklingsplanen. Konklusjonen er at alle skal førest vidare utan revisjon. Dette gjeld følgjande planar:

- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet
- Regionale plan for areal- og transport på Haugalandet
- Regional plan for Nordfjella 2014-2025
- Regional plan for Hardangervidda 2011-2025
- Regional plan for Setesdal, Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)
- Regional plan for Ottadalsområdet 2016-2026

## Regionale planar villreinområde

Villreinen i Noreg er den einaste førekomst av den opprinnelege tundrareinen (Rangifer t. tarandus) i Europa. Vi har difor ei internasjonalt plikt til å ta vare på den, mellom anna gjennom å sikre leveområda. Fleire forvaltningsområde for villrein ligg heilt eller delvis innanfor Vestland. Det er gjennomført eit nasjonalt program for heilskapleg arealforvaltning av fjellområde med villrein, som inneber at det er utarbeidd regionale planar for ei rekke av forvaltningsområda. Desse strekk seg på tvers av administrative grenser. I Vestland fylke finst det fire interregionale planer: Hardangervidda, Nordfjella, Ottadalsområdet og Setesdal, Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei. Villreinen sine leveområde er under aukande press som følgje av arealbruk og menneskeleg ferdsle, noko som mellom anna fører til sjukdom og redusert kondisjon på stammene. Alle fire regionale planar vert ført vidare for å sikre prioritet for den nasjonale villreinstammen sine arealbehov.

## Regionale areal- og transportplanar

Regionale areal-, og transportplanane legg ramme- ne for den langsiktige utviklinga i eit område, med hovudvekt på arealutvikling og transportmønster. Dei skal bidra til utvikling av eit utbyggingsmønster med vekst i bustader og næringsareal innanfor berekraftige rammer, knytt til kollektivtransport og effektiv vegtransport, og med omsyn til langsiktig grønstruktur, jordvern, samt gode nærmiljøkvalitetar. I Vestland har vi slike planar for Bergensområdet og for Haugalandet. Begge geografiske område er i vekst. Bergen skal saman med omlandskommunane vere ein motor for heile landsdelen og skal vidareutviklast som ein effektiv, integrert og framtidsretta storbyregion. Tilsvarande er Haugesund eit viktig senter for ein større interregional bu-, og arbeidsmarknadsregion på tvers av Vestland og Rogaland, der det er behov for samordning av arealutvikling og transportmønster. Begge planane vert vidareført og med fokus på handlingsprogram og gjennomføring.

Tabell 2: Samla oversikt over regionale planar som skal reviderast og bli vidareført i perioden:

Regional plan	Revisjon	Vidareføring	Fase ut	Merknad
Regional plan for innovasjon og næringsutvikling	X			Oppstart 2020
Regional klimaplan	X			Oppstart 2020
Regional transportplan	X			Oppstart 2020
Regional plan for senterstruktur	X			Oppstart 2021
Regional plan for kompetanse	X			Oppstart 2021
Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv	X			Oppstart 2021
Regional plan for fornybar energi	X			Oppstart 2021
Regional plan for vassforvaltning Vestland	X			Under utarbeiding
Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger		X		Vedtatt 2017
Strategisk plan for kysten (S&F)		X		Vedtatt 2018
Regional planar for folkehelse		X		Vedtatt 2014/15
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet		X		Vedtatt 2017
Regional plan for areal- og transport på Haugalandet		X		Vedtatt 2017
Regional plan for Nordfjella 2014-2025		X		Vedtatt 2014
Regional plan for Hardangervidda 2011-2025		X		Under revisjon
Regional plan for Setesdal, Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)		X		Vedtatt 2012
Regional plan for Ottadalsområdet 2016-2026		X		Vedtatt 2016
Regional plan for vindkraft (S&F)		X		Vedtatt 2011
Regional plan for småkraftverk (S&F og H)		X		Vedtatt 2009/12



## 4.2 Behov for temaplanar

### Temaplan for opplæringssektoren i Vestland (mål og strategiplan)

Det er nødvendig med eit nytt mål- og strategidokument for opplæringssektoren. Med regionreforma har fylkeskommunen fått eit større ansvar for å sikre at flyktningar vert integrert og finner meningsfylt utdanning og arbeid. Dei eksisterande regionale planane gir retning mot visjonen for Vestland, men er ikkje eit godt nok styringsverktøy. Opplæringssektoren skal i tråd med opplæringslova utvikle kunnskap, dugleik og haldningar slik at elevar og lærlingar meistrar liva sine og kan delta i arbeid og fellesskap i samfunnet Vidaregåande opplæring bidreg til læring som skapar medborgarar for framtida. Forsking og erfaring viser og at å rette innsatsen mot få langsiktige mål, klare strategiar og kontinuerleg oppfølging, er det beste utgangspunktet for å lukkast med utvikling. Arbeidet med temaplanen for vidaregåande opplæring i Vestland startar våren 2020 i tråd med vedtak frå fylkestinget i desember.

### Temaplan - Strukturplan for tannklinikkar

Dei eksisterande klinikkstrukturplanane i dei gamle fylka vert fasa ut og erstatta med ein ny temaplan for Vestland tannhelseteneste. Den nye temaplanen skal også innehalde ei skildring av klinikkstruktur i Vestland fylke. Bakgrunnen er at noverande klinikkstrukturplanar ikkje bygger opp under dei overordna måla for Vestland fylkeskommune. I tillegg manglar planane tydelege og målbare mål. Det er behov for å samkøyre dei to eksisterande planane, der kunnskapen/bakgrunnen for planane vert oppdatert som grunnlag for deltakinga til tannhelsetenesta i utviklinga av Vestlandssamfunnet.

### Temaplan for anleggspolitikk og kriterium for tildeling av spelemidlar 2002-2024

Planen er vedteke av fellesnemnda i juni 2019, og vert vidareført og gjort om til temaplan.

Tabell 3: Oversikt over temaplanar og strategiar

Temaplanar og strategiar	Ny	Revisjon	Vidareføring	Fase ut	Merknad
Mål og strategiplan for opplæringssektoren i Vestland	X				
Regional plaststrategi	X				Vedtatt 09.07.2020
Internasjonal strategi	X				Vedtatt 29.09.2020
Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar 2002-2024			X		
Skulebruksplanar			X		
Strukturplan for tannklinikkar		X			
Forskningsstrategi for Hordaland				X	Innarbeidast i regional plan for næring og innovasjon
Strategi for grøn omstilling i Hordaland				X	Innarbeidast i regional plan for næring og innovasjon
Hydrogenstrategi				X	Innarbeidast i regional plan for næring og innovasjon
Strategi for biogass				X	Innarbeidast i regional plan for næring og innovasjon
Temaplan for landbruk i Hordaland				X	Innarbeidast i regional plan for næring og innovasjon
Temaplanar for reiseliv				X	Innarbeidast i regional plan for næring og innovasjon
Industristrategi for Sogn og Fjordane				X	Innarbeidast i regional plan for næring og innovasjon
Strategi for breidband i Sogn og Fjordane 2016-2020				X	Innarbeidast i regional plan for næring og innovasjon
Strategi for datasenter og digital infrastruktur				X	Innarbeidast i regional plan for næring og innovasjon
Strategi for nullutsleppstransport i Vestland				X	Innarbeidast i regional plan for næring og innovasjon
Kollektivstrategi				X	Innarbeidast som ein del av Regional transportplan
Strategi for innfartsparkering				X	Innarbeidast som ein del av Regional transportplan

# 5 PLANSYSTEM I VESTLAND



Foto: Inge Døskeland



## 5.1 Plantypar i Vestland

### Utviklingsplan

Utviklingsplan for Vestland er formelt ein regional planstrategi heimla i plan og bygningslova § 7-1. Planstrategien er lovpålagt og skal utarbeidast minst ein gong i kvar valperiode. I Vestland nyttar vi omgrepet utviklingsplan for å løfte fram at planstrategien skal fastsette overordna utviklingsmål og strategiar for dei næraste fire åra. Utviklingsplanen skal bli lagt til grunn for alt planarbeid i regionen. Vidare fastset den kva regionale planar som skal gjelde i perioden og kva planar som skal bli utarbeida eller revidert.

### Regionale planar

Regionale planar kan utarbeidast for prioriterte tema der det er behov for regional samordning. I første rekke tema som gjeld fleire forvaltningsnivå og som hovudregel fleire sektorar. Regionale planar er heimla i Plan- og bygningslova § 8-1 til 8-5 og skal utarbeidast på grunnlag av regional planstrategi. Regionale planar skal ha eit handlingsprogram som viser korleis planane kan gjennomførast.

Regionale planar skal som hovudregel ha ein planperiode på tolv år og bør vere overordna strategiske styringsverktøy som er fleksible og står seg over heile tidsperioden. Spørsmål om behov for revisjon, forlenging eller utfasing vert vurdert kvart fjerde år i regional planstrategi. Behov for rullering av handlingsprogrammet vert vurdert kvart år.

### Temaplanar

Temaplanar er heimla i kommunelov eller sektorlov og skal utarbeidast på grunnlag av regional planstrategi eller regional plan. Temaplanar kan utarbeidast for fagfelt der fylkeskommunen som tenesteprodusent eller samfunnsutviklar har stor påverknad ut mot samfunnet. Prosesskrava i plan og bygningslova gjeld ikkje for temaplanar. Temaplanar skal bidra til samordna innsats og bruk av verkemiddel og inneheld oftast ein tiltaksdel.

### Strategi

Ein strategi gir overordna retning for eit fagfelt eller område og skal peike ut vegval, satsingsområde og eventuelt mål. Den inneheld ikkje handlingsprogram eller tiltak, men ein bør likevel konkretisere korleis strategien skal følgast opp.

### Forholdet mellom planar

Måla i Utviklingsplan for Vestland skal bli lagt til grunn for nye planar, revisjon av planar og revisjon av handlingsprogram. Sektorovergrepande planar skal leggjast til grunn for andre planar. Temaplanar skal vere forankra i regional planstrategi eller regional plan. Nye planar gjeld framfor eldre planar ved motstrid.



Foto: Morten Wanvik

## 5.2 Planroller, planoppgåver og ansvar i politiske organ

Regional planlegging skal vere forankra i demokratiske organ på regionalt nivå. I følgje delegeringsreglane i Vestland fylkeskommune har dei politiske utvala følgjande oppgåver knytt til regionalt planarbeid.

### Fylkestinget

Fylkestinget har følgjande ansvar og oppgåver i plan-systemet:

- vedtek regional planstrategi, regionale planar og temaplanar
- vedtek handlingsprogram for regionale planar
- vedtek overordna strategiar for prioriterte utviklingsområde

### Fylkesutvalet

Fylkesutvalet har eit overordna ansvar for tverrsektorielle fag- og politikkområde som gjeld heile den fylkeskommunale verksemda. Fylkesutvalet skal ta i vare rolla som samfunnsutviklar, mellom anna ved å sjå regional planstrategi og regionale planar i eit regionalt heilskapsperspektiv.

### Planutvalet

Planutvalet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7. Arbeidsområdet er regional planstrategi og regionale planprosessar etter plan- og bygningslova. Planutvalet skal saman med administrasjonen legge strategiske føringar for dei regionale planane og gi politiske styringssignalar til pågåande planarbeid. Deretter skal hovudutvala, fylkesutval og fylkesting behandle dei regionale planane. Hovudutvala skal vere involvert i planprosessen, slik det vert avklart i den einskilde planprosess.

### Hovudutvala

Det er fire hovudutval i Vestland fylkeskommune; Hovudutval for opplæring og kompetanse, Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, Hovudutval for samferdsel og mobilitet og Hovudutval for kultur, idrett og integrering. Alle hovudutvala har dei same oppgåvene knytt til regional planlegging:

- gje innstilling om vedtak av planprogram innan sitt ansvarsområde
- ivareta fagansvaret og følgje opp planar innan sitt ansvarsområde
- gje innstilling om høyringsforslag og endeleg plan innan eige ansvarsområde
- gje innstilling om revidert handlingsprogram innan eige ansvarsområde
- ha ansvar for å ivareta regionale planar i kommunale arealplanar

### Saksordførar

Planarbeid skal ha politisk saksordførar for å styrke den politiske forankringa og gi betre rom for politiske innspel i prosessen. Saksordføraren skal følgje saka og arbeide for at ho blir best mogeleg opplyst sett frå ein politisk ståstad. Saksordføraren skal også arbeide for å få til nødvendige politiske avklaringar og forhandlingar i den politiske avgjerdsprosessen. I plansaker trer saksordførar i funksjon frå det tidspunktet planarbeidet startar. Saksordførar skal i desse sakene vere medlem av eventuell styringsgruppe eller tilsvarande.

## 5.3 Framdrift, organisering og medverknad regionale planprosessar

Framdrift, organisering og medverknad må bli vurdert i samanheng med kvar einskild planprosess, men her vert det gitt nokre felles rammer for prosessar med regionale planar og temaplanar. Medverknad i tidleg fase av planarbeidet er ein føresetnad for godt resultat og god gjennomføring. God forankring påverkar moglegheitene for iverksetjing og gjennomføring og kan normalt spare ressursar i gjennomføringsfasen.

### Framdrift og organisering

Framdrifta i planprosessar balanserer behovet for brei medverknad og god forankring, mot mål om ein effektiv planprosess.

Planarbeid i Vestland er inndelt i fem hovudfasar:

1. Utarbeiding og høyring av planprogram
2. Utarbeiding av planforslag
3. Høyring og offentleg ettersyn
4. Vedtaksfase fram til vedtak i fylkestinget
5. Gjennomføringsfase

Framdriftsplan for planarbeidet vert fastsett i oppstartsak eller planprogram tilpassa den einskilde plan. For regionale planar skal utarbeiding av planprogram og plan normalt skje innanfor 2 år. For temaplanar skal oppstart og utarbeiding av plan normalt skje innanfor 1 1/2 år, og innafor ein fylkestingsperiode.

Kvar planprosess er unik og organiseringa av arbeidet må vere tilpassa føremålet med planarbeidet. Det er likevel ynskjeleg å følgje desse generelle prinsippa:

- Klår organisering med mandat som skal utformast i oppstart/planprogram.
- Enkel organisering og bruk av eksisterande organ dersom moegeleg.
- Brei medverknad, særleg for å fange opp sektorovergripande tema

Arbeid med revisjon av plan kan organiserast enklare enn for første generasjons plan. Oppstartfase kan ha enklare organisering enn planfase. For planar som ikkje er heima i plan- og bygningslova gjeld ikkje prosesskrava og dei kan ha ein annan organisering enn regionale planar.

### Medverknad og dialog

Regionale planar skal bli utarbeida i samarbeid med statlege organ, kommunar og organisasjonar, når planarbeidet råker deira ansvarsområde. Der det er behov for å koordinere fleire aktørar i planprosessen, bør ein opprette organ for samarbeid og samråd. For regionale planar skal planprogrammet fastsette opplegg for medverknad. Temaplanar vil ha ulikt behov for ekstern medverknad, og dette må bli drøfta i oppstartsa. Når det er tenleg skal ein nytte digital teknologi for å legge til rette for medverknad.

### Gjennomføring

Vestland har som mål å styrke effektivitet og gjennomføring av planar. Alle regionale planer skal ha eit handlingsprogram, men behovet for verkemidlar vil variere. Innhaldet må vere tilpassa den einskilde plan og dei problemstillingar den tek opp. Handlingsprogrammet må innehalde ei vurdering av kva oppfølging planen krev. Handlingsprogrammet bør derfor vurdere ressursbehov og peike på ansvarleg organ og samarbeidspartnarar for gjennomføringa av tiltaka. Statlege og regionale myndigheiter må bli einige om behov og mogelegheiter for statleg medverknad i gjennomføringa. I temaplanar har fylkeskommunen som hovudregel kontroll over nødvendige verkemiddel og er mindre avhengig av eksterne partar for gjennomføring.

Utarbeiding og gjennomføring av planar skal bidra til å oppnå måla i utviklingsplanen, og til at vi når alle berekraftmåla til FN. Indikatorarbeidet som er omtalt i kapittel 2 vert sentralt i vurderinga av måloppnåing og er eit viktig utviklingsarbeid. Indikatorane vil vere eit sentralt grunnlag for arbeidet med neste regionale planstrategi.



# 6 VEDLEGG



Foto: Sigrid Nærheim Bjercke

## Oversikt over gjeldende planar i Vestland

Tabell 4: Oversikt over gjeldende planar i Vestland per mars 2020.

Plan	Område	Vedtatt	Periode	Merknad
Regional plan for kultur - kultur for alle	S&F	2019	2019-2027	
Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur	S&F	2018	2018-2022	Ligg til stadfesting i KMD.
Regional plan for klimaomstilling	S&F	2018	2018-2021	
Regional strategisk plan for kysten	S&F	2018	2018-2029	
Regional transportplan for Sogn og Fjordane	S&F	2018	2018-2027	
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet	Hordaland	2017	2017-2028	
Regional areal- og transportplan for Haugalandet	Hordaland/Rogaland	2017		
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	Hordaland	2017		Stadfesta av KMD i mars 2020.
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	Hordaland	2017		
Regional transportplan for Hordaland	Hordaland	2017	2018-2029	
Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	S&F	2016	2016-2019	
Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion	S&F	2016	2016-2021	
Regional plan for vassregion Hordaland	Hordaland	2016	2016-2021	
Regional plan for Ottadalsområdet	S&F	2016	2016-2026	Felles med Innlandet og Møre- og Romsdal
Regional plan for folkehelse	S&F	2015	2015-2025	
Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026	Hordaland	2015	2015-2026	
Regional kulturplan for Hordaland	Hordaland	2015	2015-2025	
Regional plan for folkehelse - fleire gode levekår for alle	Hordaland	2014	2015-2025	
Klimaplan for Hordaland	Hordaland	2014	2014-2030	
Regional plan for verdiskaping	S&F	2014	2014-2025	
Regional plan for Nordfjella	S&F, Hordaland	2014	2014-2025	Felles med Viken
Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging	S&F	2012		
Regional plan for Setesdal, Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)	Hordaland	2012		Felles med Agder, Telemark-Vestfold og Rogaland
Regional plan for vindkraft	S&F	2011		
Regional plan for Hardangervidda	Hordaland	2011	2011-2025	Felles med Viken og Telemark-Vestfold
Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland	Hordaland	2009	2009-2021	

